



## DEI VIKTIGASTE PRIORITERINGANE

**Ombudsrolla** på vegne av innbyggjarane er førande for arbeidet i kommunestyre og underutval. Venstre vil arbeide og samarbeide konstruktivt for å finne løysingar som kan gje gode og trygge levekår for alle.

- ◇ Kommunen har det daglege ansvaret for **omsorg og gode tenester** for barn og unge og for mange eldre.
- ◇ Kommunen har det daglege ansvaret for god tilgang på **medisinske tenester** og **øyeblikkeleg hjelp** gjennom legevakta. I tillegg har kommunestyret som politisk oppdrag å arbeide for god ambulanseneste inkl. etablering av base for luftambulans.
- ◇ Kommunestyret er **arbeidsgjevar** for fleire hundre tilsette. Deira interesser knytta til arbeidsvilkår og utvikling må ivareta-kast.



RETT PÅ MÅLET



**HEILE KOMMUNEN I BRUK -  
MEN HUGS OMSYNET  
TIL NATUREN ☺**

### VÅRT VERDIGRUNNLAG

Venstre er eit sosial-liberalt parti, ubunde av sosiale klasser og særinteresser. Målet er å skape eit samfunn med frie menneske. Fridommen heng nøye saman med ansvar som den einskilde

har både for seg sjølv og for samfunnet. Dei som av ulike grunnar ikkje kan ta vare på seg sjølv, må få den hjelpa dei treng til å leve eit verdig liv. Venstre vil at alle som bur i Vinje, skal kjenne at dei høyrer til eit fellesskap, der dei saman med andre kan finne og forme sin eigen veg til eit godt liv. Vinje skal ha levande bygdesamfunn som er opne for mangfald med rom for personleg fridom.

**Sikring av inntektsgrunnlag** er avgjerande for nivået på tenestene til kommunen. Næringsutvikling og busetjingspolitikk gir grunnlag for skatteinntekter. Venstre støtter gründerar og lokale bedrifter innan alle bransjer. Inntektene frå kraftanlegg og -produksjon er under konstant press og treng overvaking og tett oppfølging.

## KANDIDATANE

1. **Børge Skårdal (1951)**
2. **Kristina Vaitkuvienne (1979)**
3. **Magnar Andreassen (1979)**
4. **Hallbjørg Strøm (1946)**
5. **Harald Naper (1945)**
6. **Dag Strøm (1944)**
7. **Anne Tone Aasbø (1954)**



**BØRGE**

Eige rådgjevingssfirma  
Leiar E134 Haukelivegen AS



**KRISTINA**

Rettleiar i NAV  
Leiar Fokeakademiet Vinje



**MAGNAR**

Lærer Åmot skule  
Befal i Heimevernet



## TETTSTADENE

Venstre vil leggje til rette for utvikling og trivsel i heile kommunen. Då treng me sterke og tydelege sentra som kan utviklast ut frå egne føresetnader. Bustad- og næringstomter må vere tilgjengeleg og estetikk må vektleggjast i utvikling av tettstadene.

Åmot har grunnlag for utvikling til regionsenter for offentlege og private tenester. **Venstre vil arbeide for**

**overnattingstilbod med hotellstandard i Åmot.**

Rauland har styrka seg på ein god måte dei seinare åra, med sterke fagmiljø i AIR, USN og reiselivet.

Også Øyfjell har ei god utvikling.

**I komande periode må kommunen ha særleg fokus på Haukeli/Edland og arbeide for fleire arbeidsplassar der.**



## NÆRINGSUTVIKLING

Kommunen si framste oppgåve er å **leggje til rette** for bedrifter og einskildpersonar. For nye idéar med økonomisk potensial kan kommunen gje økonomisk støtte, saman med Innovasjon Norge.

### LANDBRUK

Kommunen må halde fram med satsinga på jordbruk og spesielt **utnytting av grovfor-/beiteressursane**. Her har vi felles interesse med reiselivet og lokale foredlarar som Haukeli Ysteri.

### HYTTEBYGGING

Reiselivet er eit nøkkelfaktor for næringsutviklinga i kommunen og hyttebygging er ein vesentleg del av dette. **Før områda for hyttebygging blir utvida/auka, bør det gjerast ei grundig analyse eller konsekvensutgreiing i forhold til andre interesser, både lokale og nasjonale.**

### INFRASTRUKTUR VEG

For E134 ynskjer Venstre å halde fram med opprusting av nåverande veg. Samstundes må innkorting i ny trase realiserast - på ein mest mogleg skånsom måte. Ny veg over fjellet er førsteprioritet.

For fylkesvegane er det strekninga Rauland-Åmot-Dalen som bør ha prioritet.

Kommunale vegar må haldast vedlike og utviklast slik at dei har god kvalitet og høg bruksverdi.

## KULTUR OG FRIVILJUG ARBEID

Venstre vil alltid prioritere kultursektoren. Den friviljuge innsatsen er ein avgjerande del av kulturarbeidet som kommunen må stø opp under. **Ordninga med gratis lokaleige må utvidast.**

## SKULE

Skulestrukturen i Vinje ligg fast i komande periode. Då kan ein fokusere på innhald og trivsel FOR ALLE. **Alle skal bli sett. Ingen skal bli plaga.** Dyktige pedagogar er avgjerande for resultatet.

Målingar og tilbakemeldingar tilseier at vi må strekke oss fagleg!

Kommunen må tilby **læreplassar i relevante fag**, slik at yrkesretta utdanningsløp kan bli fullførte.

## OMSORGSBUSTADER

Av ulike grunnar ynskjer ikkje alle å bu heime lengst mogleg, sjølv med gode heimeteneser. Det må vere graderte tilbod (m.a. **omsorgsbustader**) tilgjengeleg i dagens 3 sentra. Vi må fylgje med på utviklinga slik at investeringar og andre tiltak kan kome i **rett tid**.

## INTEGRERING

God integrering føreset eit samspel mellom det offentlege og det private/frivillige. God integrering blir i stor grad skapt etter kontortid. **Å skape dette samspelet må prioriterast.**



**Kan vinjeskulen svinge seg til nye (eller gamle) høgder?**

## KOLLEKTIVTILBODET

Haukeliexpressen er vårt einaste langdistande kollektivtilbod. Kommunen må arbeide for best mogleg rammevilkår.

Venstre vil arbeide for at ordninga med bestillingsruter blir forsterka og at det blir sett etter nye løysingar for å **betre tilbodet til dei som ikkje kjører bil.**

## GENERELL EIGEDOMSSKATT

### (HUS, HYTTER OG NÆRING)

Venstre seier **NEI til innføring av generell eige-domsskatt** komande kommunestyreperiode. Balanse i drifta må finnast gjennom å tilpasse driftsmåtar og -omfang til inntektene.

## DELTIDSINNBYGGJARANE

Dei mange deltidinnbyggjarane med hytte eller fritidsbustad i Vinje, er blant våre beste ambassadørar, både dei med røter her og dei mange andre. **Venstre vil gå inn for meir strukturert kontakt og informasjonsutveksling med deltidinnbyggjarane, med ei tenleg form.**

## MILJØUTFORDRINGANE

Miljøutfordringane stiller krav til bedrifter og kommunane. Venstre går inn for samarbeid om **felles miljøvernstrategi i Vest-Telemark**. Vinje kommune skal oppnå miljøeffektar ved å **gjennomføre** konkrete og målretta tiltak - etter ein plan.

Biebilete:  
Harald Naper  
Teikningar:  
Hallbjørg Strøm